

Pyntar opp rundt ballbingen

21.07.2012



Det viser godt att etter rydjingsarbeidet Johannes har gjort til no.

For to år sidan vart det gjort eit stort arbeid på og rundt ballbingen i Korsnes. Korsnes Vel organiserte det, og ungdommar beisa bingen, og rydja vekk krattet som var i ferd med å ta overhand på området rundt ballplassen. Etter det har styret i velforreininga vore flinke med å engasjera ungdommar til vedlikehalds- og oppfølgningsarbeid. I fjor vart dette gjort, og no er Johannes Taranger i gang med årets innsats!!

Ein skal ikkje la older og andre krattvekster få vera i fred lenge før dei veks opp og tar overhand. Defor er det viktig at dei vert haldne nede. Torsdag kveld starta 16 år gamle Johannes Taranger på jobben med å fiksa og pynta opp rundt ballbingen. Han har klipt ned oldera som skaut opp, og han har slått gras og andre småvekstar og buskar. Han har arbeidd svært flittig, og no viser det godt igjen av arbeidet hans.

Korsnes Vel har funne ein god måte å organisera dette årlege vedlikehaldsarbeidet på. Det er mange positive sider med det. For det første vert det klart finare ved inngangsporten til feltet. Dessutan vert arbeidet overkommeleg i og med det vert fulgt opp kvart år. Ungdommar får seg ein kjærkommen liten sommarjobb, og dei flittige ungdommane syt samstundes for at det vert ei rimeleg og god løysing for Velforreininga.

Området med ballbingen og leikeplassen like ved er mykje brukt. Dagleg er det god aktivitet på begge plasser, og ballbingen er nok den viktigaste utviklingsarenaen for unge fotballspelarar i bygda.

Av: Thor Inge Døssland.



Johannes har arbeidd flittig med å gjera det fint rundt ballbingen.